

Uskedelingar på inspirerande korpssamling

29.01.2007



Juniorkorpset i aksjon (Foto: Monika Storevik)

I helga har 14 av musikantane i Uskedal skulemusikk delteke på korpssamling på Øyatun skule på Halsnøy. Ungdomsseminaret som Høylandsbygd Musikkorps stod som arrangør for, samla til saman 82 musikantar frå ulike korps i Sunnhordland og Nord-Rogaland.

I tillegg til arangørkorpset hadde Valestrand skulekorps, Førde Skulekorps, Koparvik og Stokkastrand skulekorps, Husnes skulekorps og Uskedal skulemusikk deltakarar som representerte ungdommeleg speleglede. I tillegg til ein solid dose med korpsmusikk var helga fylt av andre verdiar som ein får del i, som deltakar i eit slikt sosialt fellesskap.

Høylandsbygd Musikkorps hadde satsa på unge og velkvalfiserte instruktørar, alle med solid korpsbakgrunn, og i tillegg hadde dei musikkfagleg utdanning. Den eine av instruktørarane, engelskmannen Clive Zwanswiniski, var såleis kjend for nokre av dei eldste uskedalsmusikantane frå sommarurset 2006. Med så dugande instruktørar på plass var grunnlaget for ei vellukka helg lagt.

Espen Fosse var ansvarleg for det musikalske opplegget på seminaret, og han kunne før avslutningskonserten søndag fortelja at dei hadde hatt ei kjempehelg. – Vi har fått jobba godt med det musikalske og i tillegg har det vore mykje gøy! Det er viktig at det musikalske fungerer på slike samlingar; då vil ofte den sosiale biten falla greitt på plass. Eg meiner denne helga har vore eit blinkskot både sosialt og musikalsk. Han kunne fortelja at det var organisert slik at deltakarane vart delt i tre ulike korps etter alder og musikkerfaring. Kvar korps hadde sin hovudinstruktør, og oppgåva var mellom anna å øva inn eit program til avslutningskonserten.

Avslutningskonserten i gymsalen på Øyatun skule var eit tydeleg prov på at opplegget hadde fungert. Etter at dei yngste, aspirantkorpet dirigert av Johannes S. Førde, hadde gjeve konserten ein flott start med Fanfaremarj av Ole Bollom, fekk foreldre, søsken og andre frammøtte oppleva ei imponerande førestilling. Aspirantkorpset avslutta si avdeling med eit stykke som hadde tittelen Skrekk. Avslutningsvis vart musikantane så skremt av dei rett og slett forlet salen – til taktfast applaus! Humor og musikk hand i hand!

Juniorkorpset fulgte opp og avslørte imponerande speleglede, musicalitet og presisjon. Dette viste dei i ein korpsverjon av Hun er forelska i lærer'n, i Pop-rock og i brasilianske sambarytmar i stykket Sambalele. Dette korpset vart dirigert av bergensaren Oddvar Nøstdal, og han var ikkje snauare enn at han påstod at korpet var blitt fire fem ganger betre sidan fredag. Vi trur han faktisk!

Dei eldste musikantane som utgjorde seniorkorpset fekk æra av å avslutta konserten. Dermed var ein sikra stigning i programmet samt ein knallavslutning. Clive Zwanswiniski, opprinnelig frå Skottland, men busett i Stavanger, dirigerte dette korpset. Dei presenterte eit program som var krevjande å spela, men som fall i smak både hos musikantar og publikum. Publikum fekk mellom anna høyra den velkjende og nydelege Tir na noir før konserten vart avslutta av Storby-stev, ein originalkomposisjon for brassband av J. P. Hannevik. At musikantane fekk prøva seg på krevjande saker vart tydeleggjort gjennom dette stykket. Det vart nemleg skrive til elitekorpset Oslofjord Brassband då dei vann elitedivisjonen i Siddis Brass. Dei unge musikantane kom flott frå utfordringa, og det let imponerande vakkert!

Innimellan nummer krydra dei ulike dirigentane førestillinga med ein god dose humor. Det kom svært tydeleg fram at her hadde det vore ein god tone mellom instruktørar og musikantar. Dette var nok og sterkt medverkande til at det var ein kjempefornøgd korpsjeng som forlet Halsnøy etter konserten.

Det var ikkje berre musikantane som var fornøgd. – Nok ein gong har det vore kjekt å ha med seg den flotte gjengen på tur, sa ein av leiarane, Magni Tråvik, før ho la til, - dei er lydige, rettar seg etter beskjedar og sov når dei skal sova. Det er berre flott å få vera i lag med dei!

Av Thor Inge Døssland



Ungdomskorpset fekk prøva seg med musikk skreve til korps i elitedivisjonen! (Foto: Monika Storevik)